



Arkivnr: 2016/88-15  
Saksbehandlar: Eirik Knive og Britt Karen Spjeld

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.04.2016

## Tildeling av midlar til kartlegging og verdsetting av friluftsområde 2016

### Samandrag

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020), Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020), Meld. St. 18 (2015-2016), *Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet*, Regional plan for folkehelse (2014-2025) og i Regional kulturplan (2015-25).

Det er eit nasjonalt mål at alle kommunar skal kartleggje og verdsetje lokale friluftsområde innan 2018. Kartlegginga vil vere ein føresetnad for å søkje om statlege midlar til sikring og tilrettelegging av friluftsområder. Frå 2014 er det løyvd midlar til 16 kommunar i Hordaland til kartlegging og verdsetting av lokale område. I tillegg er det sett av midlar til å føre data frå kartlegging og verdsetting av regionalt viktige friluftsområde frå 2008 inn i naturdatabasen [www.naturbasen.no](http://www.naturbasen.no). Dette arbeidet vart ferdigstilt våren 2015.

Ved utlysing av ordninga i 2016 sette Hordaland fylkeskommune 15. februar som søknadsfrist for kommunane. Det kom inn 6 søknadar som alle fyller vilkåra for tilskot. Desse 6 kommunane var grunnlaget for Hordaland fylkeskommune sin søknad til Miljødirektoratet med frist 1. mars. Miljødirektoratet har sett av kr 7 mill. til føremålet, og Hordaland fekk tildelt omsøkt beløp på kr 285.000.

I saka gjer fylkesrådmannen framlegg om løyving til kommunane i tråd med søknadene. I saksframlegget vert det også sett av midlar til møte og nettverkssamlingar. Deling av lokale erfaringar er viktig for framdrift og kvalitet i arbeidet, og sikrar oppfølging i søknadar om statleg sikring av friluftsområder og i anna planarbeid i kommunen.

For å få med dei siste 11 kommunane i Hordaland i prosjektet innan 2018 vert det også gjort framlegg om å bruke ressursar til rådgeving og oppsøkjande verksemd. Bergen og omland friluftsråd (BOF) arbeider td aktivt i medlemskommunane i høve til dette arbeidet. Det kan vere aktuelt å kjøpe rådgevingstenester frå friluftsråda til bruk i kommunar som ikkje er tilslutta slike regionale råd. I Hordaland gjeld det 7 av kommunane.

For kartleggingsarbeidet er det sett krav om 50% eigenfinansiering frå fylkeskommunen og kommunane. Fylkestinget i desember 2015 avsette kr 428.000 frå post 400.450 til tiltaket. I tillegg bidreg enkelte kommunar med egne midlar. Det er såleis kr 713.000 til fordeling til tiltak for kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Hordalandskommunane i 2016.

**Forslag til vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler kr 540.000 over budsjettpost 10.400.450.21 til kartlegging og verdsetting av friluftsområder slik:

<b>Søkjar</b>	<b>Total kostnad</b>	<b>Søknadssum</b>	<b>Løyving 2016</b>
Vaksdal kommune	90 000	90 000	90 000
Sveio kommune	180 000	90 000	90 000
Ullensvang herad	90 000	90 000	90 000
Voss kommune	90 000	90 000	90 000
Kvam herad	140 000	90 000	90 000
Øygarden kommune	120 000	90 000	90 000
<b>Totalt</b>	<b>680 000</b>	<b>540 000</b>	<b>540 000</b>

Innanfor einskildløyvingane til kommunane på kr 90.000 gjeld vilkåret om at kr 60.000 skal nyttast til kartlegging og verdsetting av friluftsområde og kr 30.000 til digitalisering av data og konvertering til SOSI standard.

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler kr 173.000 over budsjettpost 10.400.450.21 til oppfølging av kartleggingsarbeidet:
- Møte og nettverkssamlingar. 100 000
  - Rådgeving og motivering, møte og oppsøkjande verksemd for dei 11 kommunane som ikkje tek del i prosjektet med mål om prosjektdeltaking i 2017/2018. 73 000

**Totalt: 713 000**

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 17.03.2016

### Bakgrunn

#### *Statlege retningslinjer*

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020), Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020), og i Meld. St. 18 (2015-2016), *Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet*,

Kartlegging og verdsetjing av friluftsområde skal skje i tråd med Miljødirektoratet sin rettleiar *M98-13 Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder*. Både friluftsområde i byar og tettstader og naturen elles vert kartlagt. Resultata skal leverast til Miljødirektoratet sin kartdatabase [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no).

#### *Regionale retningslinjer*

Både Regional plan for folkehelse (2014-2025) og i Regional kulturplan (2015-25) har friluftsliv som tema. Regional kulturplan (2015 – 2025) set som mål at befolkninga i Hordaland skal ha høve til å drive eit variert friluftsliv både i nærmiljøet og i naturen elles.

Kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområde vart gjennomført i Hordaland i 2008. I utarbeidinga av prosjektrapporten *Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige friluftsområde i Hordaland* (2008) hadde alle kommunane ei aktiv rolle. I 2014 sette ein av midlar for tilgjengeleggjering av dataene frå kartlegginga og til verdsetjing av regionalt viktige friluftsområde i Miljødirektoratet sin Naturbase ([www.naturbasen.no](http://www.naturbasen.no)). Arbeidet vart ferdigstilt våren 2015. Geodata konverterte datasettet «Regionale friluftsområde» til godkjend SOSI-standard og la det inn i databasen.

Fylkeskommunen skal motivere og rettleie kommunane i arbeidet, og sikre erfaringsutveksling mellom kommunane og andre sentrale aktørar. Hordaland fylkeskommune hjelper kommunane i arbeidet med å digitalisere, kvalitetssikre og gjere om datafilene til SOSI-format slik at ein kan leggje data inn i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no).

#### *Lokale retningslinjer og kartleggingar*

Kartlegging og verdsetting av lokale friluftslivsområde er viktig for kommunane skal kunne identifisere, utvikle og ta i vare areal for friluftsliv. Kartlegging og verdsetting av lokale friluftsområde er nødvendig for å nå det nasjonale målet om å sikre folk høve til å drive variert friluftsliv i nærmiljøet og i naturen elles. Gjennom lokal kartlegginga skal kommunane:

- få oversyn over og tydeleggjere friluftsområde i kvar kommune.
- verdsetje og prioritere friluftsområde i kvar kommune og sikre god tilgang på relevant informasjon til bruk i kommunale prosessar og for andre.

Frå 2018 vil det vere eit krav frå Miljøverndepartementet om å ha kartlagt og verdsett friluftsområde i kommunen for å kunne søkje om statleg medverknad til sikring av slike område. Såleis er det viktig å få gjennomført arbeidet i tråd med *M98-13* i alle kommunane i Hordaland innan 2018. Det er særleg fokus på tettstad- og bynære friluftsområder som viktige element i folkehelsearbeidet. Målet er at alle kommunar skal ha kartlagt og verdsett sine viktigaste lokale friluftslivsområder innan 2018. Kartlegginga vil vere ein føresetnad for å kunne søkje om statlege midlar til friluftsområder.

Med statleg, fylkeskommunal og kommunal medverknad vart arbeidet vart starta opp i 2014. Så langt er 16 kommunar i Hordaland tildelt midlar til kartlegging og verdsetjing: Askøy, Austrheim, Bergen, Etne, Fitjar, Fjell, Kvinnherad, Lindås, Meland, Odda, Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Sund og Tysnes.

Arbeidet i den enkelte kommune vert leia av ein lokal prosjektleiar som har ansvar for å koordinere arbeidet i tråd med *M98-13*, følgje opp arbeidsgruppe og referansegruppe, og ta ansvar for rapportskriving. Friluftsråda kan vere ein viktig aktør i medlemskommunane (23 av 33 kommunar i Hordaland) i rolla som lokal prosjektleiar der kommunane ønskjer det.

## Om tilskotsordninga

Som ledd i satsinga på kartlegging og verdsetting av friluftsområde, vidareførte Miljødirektoratet tilskotsordninga der fylkeskommunane kan søkje i 2016. Den statlege ramma for tilskotsordninga er kr 7 mill. Det er ein føresetnad at fylkeskommunen og kommunane bidreg med minimum 50 prosent av kostnadene for arbeidet.

Hordaland fylkeskommune lyste ut ordninga til kommunane 1. januar 2016. Kommunane sin søknadsfrist var 15. februar. Innan fristen kom det inn søknader frå seks kommunar. Alle søkjarane fyller vilkåra i utlysinga og var grunnlaget for Hordaland fylkeskommune sin søknad til Miljødirektoratet med frist 1. mars. Etter Miljødirektoratet si handsaming fekk Hordaland fylkeskommune tildelt omsøkt beløp på kr 285.000 (underretning per telefon 15. mars 2016).

Den fylkeskommunale eigendelen er dekkja av kr 428.00 frå post 400.450 *Tilskot til friluftsføremål*. I tillegg bidreg både Kultur- og idrettsavdelinga og Regionalavdelinga med administrative ressursar i prosjektet. Alle kommunane bidreg med arbeid, og fleire av dei også med eigne midlar.

Vedtak om løyving til kommunane vert gjort av Utval for kultur, idrett og regional utvikling.

## Vurdering

### *Kartlegging og verdsetjing*

Alle kommunane som har søkt, planlegg å gjennomføre kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i tråd med rettleiar M98-13. I søknadane ligg finansieringsplan, arbeidsplan og vurderingar av ressursbruk og prosjektleiing. Alle søknadane fyller vilkåra som er sett i utlysinga og fylkesrådmannen gjer difor framlegg om å innfri alle søknadene. Søknadene legg særleg vekt på kartlegging av nærmiljøområde, ferdselsårer og grøntområde i og nær busetnad/tettstader. Fylkesrådmannen rår til å stø denne kartlegging med kr 60.000 i kvar kommune. I tillegg søkjer kommunane om kr 30.000 til digitalisering av data og konvertering til SOSI - standard.

### *Oppfølging av kommunane og behov for kompetanse*

I framlegget er det sett av midlar til møte, nettverksamlingar, rådgjeving og oppsøkjande arbeid, mellom anna i dei 11 kommunane som førebels ikkje er del av kartleggingsprosjektet. Deling av kompetanse er avgjerande for framdrift, for å sikre samanheng med arbeidet med statleg sikring av friluftsområde, og med planarbeid i kommunane. Hordaland fylkeskommune arrangerte nettverksmøter i Bergen 13. oktober og Kvinnherad 14. oktober 2015. Kommunar som er godt i gang med arbeidet delar sine erfaringar med dei som er i startfasen. Bergen og omland friluftsråd har hatt ei viktig rolle i dette arbeidet. Slike nettverksmøter og samlingar vil også bli arrangert i 2016 og fylkesrådmannen rår til å setje av kr 100.000 til desse tiltaka.

Fylkesrådmannen tilrår å løyve kr 73.000 til rådgjeving, møter og oppsøkjande verksemd for å motivere dei 11 kommunane som ikkje er med i prosjektet til å gjennomføre kartlegging og verdsetting av sine friluftsområder. Dette gjeld; Fedje, Masfjorden, Modalen, Granvin, Ulvik, Eidfjord, Jondal, Fusa, Austevoll, Stord og Bømlo. 9 av desse kommunane er ikkje medlem av friluftsråd. Stord og Bømlo er medlem av Friluftsrådet Vest.

I Hordaland er 23 av 33 kommunar medlem av eit friluftsråd. Friluftsråda har brei fagleg kompetanse og erfaring på friluftsfeltet, mellom frå arbeid med sikring, kartlegging og verdsetting av friluftsområde. Det er ei utfordring at det dei seinare åra ikkje ligg føre søknader om statleg sikring av friluftsområder frå kommunar som ikkje er tilslutta friluftsråd. Oppgåva med å stimulera kommunar til å fremja saker om sikring er ein del av forventninga til fylkeskommunen. Eit viktig tiltak er å få vidareføre arbeidet med å kartlegge og verdisetje friluftsområder i alle kommunane i fylket.

18. mars 2015 teikna Hordaland fylkeskommune samarbeidsavtale om kartlegging og verdsetting av friluftsområde med Bergen og omland friluftsråd, gjeldande til 1.12. 2017. BOF har tilsett prosjektleiar som arbeider aktivt med medlemskommunane og denne kompetansen er viktig i høve oppsøkjande verksemd og rettleiing av kommunane. Bergen og omland friluftsråd kan tilby bistand til kommunar som ikkje er medlemar mot økonomisk godtgjersle.